



Kristian Stråmyr

6280 SØVIK

**Vår ref.**  
12/7607/070, &29/SVH

**Dykker ref.**

**Dato:**  
11.10.2012

## **Svar på grunngjeve spørsmål vedk. kommunesamanslåing på Nordre Sunnmøre**

Haram Venstre v/Kristian Stråmyr ber i eit grunngjeve spørsmål til ordføraren om å få svar på nokre spørsmål om kommunesamanslåing på Nordre Sunnmøre.

Når det gjeld spørsmålet om kva vedtaket i Haram kommunestyre av 16.06.2011 har ført til kan eg opplyse at vedtaket Haram kommune gjorde, var eit svar på eit vedtak som vart gjort 10.02. 2011 i Ørskog kommune. Ørskog kommune vedtok å sette ned ei arbeidsgruppe til å arbeide med teamet kommunesamanslåing, og i samband med dette ønskte dei å få avklart synspunkt og haldningar i eiga kommune og andre kommunar på spørsmål om samanslåing av kommunar.

Som kjent vedtok Haram kommunestyre at dei var positiv til å få vurdert spørsmål kring kommunestruktur/kommunesamanslåing mellom kommunane i ÅRU. Melding om dette vedtaket vart sendt til Ørskog kommune med kopi til øvrige ÅRU-kommunar. Kva som har skjedd vidare med saka i Ørskog kommune og utgreiingsarbeidet deira er eg ikkje kjent med.

Haram Venstre ønskjer no ei fullstendig utgreiing om kommunesamanslåing i samarbeid med nabokommunane våre for å få meir fakta på bordet om både fordelar og ulemper, og svar på ei rekke konkrete problemstillingar.

Det er klart at kommunesamanslåing og framtidig kommunestruktur er eit stort og viktig tema som det er nødvendig å få sett på dagsorden. Frå regjeringa er det framleis eit sentralt prinsipp at kommunesamanslåingar skal vere basert på frivilligkeit, og det vert gitt tilskot til kommunar som slår seg saman. Alle eingongskostnader ved etablering av ny kommune dekt, og staten gir tilskot til utgreiing av konsekvensar ved samanslåing, informasjon og innbyggjarhøyringar. Kva som vil skje etter stortingsvalet 2013 veit vi ikkje

Dagens kommunestruktur blir sett under press m.a som følgje av nye oppgåver som kommunane får ansvar for og som den einskilde kommune ikkje er i stand til å løyse åleine, eit godt døme er den nye samhandlingsreforma.

Eg er positiv til ei slik utgreiing som Haram Venstre her tek opp. Eg vil ta initiativ, anten sjølv eller via ordførar Bjørn Sandnes for å bringe saka inn til Sunnmøre regionråd.

Med helsing

Svein Harsjøen  
fung. ordførar

Interntlf. 70 20 75 33